

# 1. MYNTBUA (INNGANG TIL FRILUFTSMUSEET)

## ORD OVER GRIND

av Haldis Moren Vesaas  
Lest av Liv Bernhoft Osa

Du går fram til mi inste grind  
og eg går òg fram til di.  
Innanfor den er kvar av oss einsam,  
og det skal vi alltid bli.  
Aldri trenge seg lenger fram,  
var lova som gjaldt oss to.  
Anten vi møttest titt eller sjeldan  
var møtet tillit og ro.  
Står du der ikkje ein dag eg kjem  
fell det meg lett å snu  
når eg har stått litt og sett mot huset  
og tenkt på at der bur du.  
Så lenge eg veit du vil kome iblant  
som no over knastrande grus  
og smile glad når du ser meg stå her,  
skal eg ha ein heim i mitt hus.

## 2. ÅRESTUA

### TUNG TIDS TALE

av Haldis Moren Vesaas  
Lest av Johannes Joner

Det heiter ikkje: eg – no lenger.  
Heretter heiter det: vi.  
Eig du lykka så er ho ikkje lenger  
berre di.  
Alt det som bror din kan ta imot  
av lykka di, må du gi.  
Alt du kan løfte av børa til bror din,  
må du ta på deg.  
Det er mange ikring deg som frys,  
ver du eit bål, strål varme ifrå deg!  
Hender finn hender, herd stør herd,  
barm slår varmt imot barm.  
Det hjelper da litt, nokre få forfrosne  
at du er varm!

### 3. MYTTINGSTUA

#### **ETT ER NØDVENDIG**

av Hans Børli

Lest av Liv Bernhoft Osa

Ett er nødvendig – her  
i denne vår vanskelige verden  
av husville og heimløse:  
Å ta bolig i seg selv  
Gå inn i mørket  
og pusse sotet av lampen.  
Slik at mennesker på veiene  
kan skimte lys  
i dine bebodde øyne.

#### **ENSOMHET**

av Arild Nyquist

Lest av Johannes Joner

Ensomhet, sier du. Det  
er greit med litt  
ensomhet bare det ikke  
blir for mye. Da åpner jeg døren  
og roper ut i natten: kom inn  
kom inn – her er ensomhet nok  
for to! ja for fire! Og  
på riktig ille dager brøler  
jeg: her er ensomhet nok  
for et helt orkester!

## 4. PRESTEGÅRDEN

### **BORTE**

av Henrik Ibsen

Lest av Johannes Jøner

De sidste gæster  
vi fulgte til grinden;  
farvellets rester  
tog nattevinden.

I tifold øde  
lå haven og huset,  
hvor toner søde  
mig nys berused.

Det var en fest kun,  
før natten den sorte;  
hun var en gæst kun, —  
og nu er hun borte.

## 5. SJÅKTUNET

### **KUNNE EG VERA**

av Jan Magnus Bruheim

Lest av Johannes Joner

Kunne eg vera  
føter,  
som sprang med hjelp  
til den som ropa i naudi.

Kunne eg vera  
hender  
som bar  
mat til den svoltne  
trøyst til den sorgtyngde  
oppreising til den  
som ligg slegen ned.

Kunne eg vera  
ein munn,  
som midt i larmen  
makta å trengje igjennom  
med rop og med råd  
til den som er rådlaus.

Kunne eg bera  
stille til den stride,  
mildskap til den harde.  
Kunne eg- kunne eg- vera- f r e d .

## 6. LENSMANNSGÅRDEN

### I CELLA

av Olav H Hauge

Lest av Liv Bernhoft Osa

Her hørde eg heime.  
Hadde visst alltid  
lengta hit.  
Ei naki celle.  
Slitne golvplankar,  
ei tung eikedør  
med ein glugg.  
I eine hyrne ein madrass  
og nokre ullteppe,  
ei gummipotte,  
det var det heile.  
Under vindauga  
ein radiator  
med stålpanel ikring,  
det lét so fint i den  
når ein slo på han  
og song til.  
På veggen underlege teikn  
og bokstavar rita i pussen.  
Vindauga med jarnstenger,  
men soli kom kvar dag  
og la gulltavlor på golvet,  
her òg.

## 6. LENSMANNSGÅRDEN

### JUL I SACHSENHAUSEN

av Arnulf Øverland

Lest av Johannes Joner

Et juletre er tendt på galgebakken!  
Vi sitter benket ved vår suppeskål  
og dufter stille av den sure kål,  
og har det hyggelig her i barakken.

Vi feirer dagen, da en mann blev født,  
som bar så underlige frihetsdrømme:  
Han vilde vekke liv, der alt var dødt.  
Han vilde fri fra fremmed herredømme  
og egne landsmenns fariseerklasse  
en voldtatt, våpenløs og rådløs masse.

Han vilde rense tempelet for svik  
og fjerne skillet mellom arm og rik  
og fri fra slavedom sitt folk og land,  
- den altfor drømmerike, unge mann!

## 7. SKOLESTUA

### HENTET

av Johan Grip

Lest av Johannes Jøner

Barn  
har en egen måte

å bruke språket på.  
I barnehagen der

sønnen min går,  
blir de for eksempel «henta».

Sunniva, du er henta!  
roper  
de, når for eksempel  
Sunniva

blir hentet, og Sunniva  
slipper det hun har  
i hendene

løper hvinende  
nedover skråningen

rett  
i armene på den

som står ved porten  
og er kommet for å hente.

Når også jeg en gang  
får øye på

at noen står i porten  
og skal hente meg

da håper jeg  
at det vil skje nøyaktig slik.

## 7. SKOLESTUA

### KONG HUSMANSGUT

av Tor Jonson

Lest av Johannes Joner

Eg er ein fattig husmannsgut  
med bøter bak i broka  
Eg tente sidan eg slapp ut  
frå skulen og frå boka.

Igår da fekk eg løna mi,  
og det var tjue kroner.  
Til byen i mi kviletid  
eg drog med ljose voner.

Her skin og braglar tusen ljøs,  
det dyn og syng i malmen.  
Eg kjem frå gamle stygge fjøs,  
frå høyet og frå halmen.

Kvar gjente ho er raud og kvit,  
og gutan' er som prestar.  
Men som ein stakkar kom eg hit  
frå grisar og frå hestar.

Eg stoggar ved ein restaurang,  
der ljosa brenn og blenkjer.  
Eg høyrer horn og harpeklang  
og veiknar brått og tenkjer:

Gud, før meg ei i freisting ut,  
men fri meg frå det vonde!  
Eg er ein fattig husmannsgut  
som tener hjå ein bonde.

Men pytt, sa'n På! Eg pengar ha',  
og pengane dei eig eg.  
Ein husmannsgut er sjeldan glad-  
Og inn om døra steig eg.

Eg fyller glaset, drikk det ut.  
Og vinen er som elden.  
Til slutt ein fattig husmannsgut  
vert konge ut på kvelden.



## 9. ØYGARDEN

### MOR

av Hans Børli

Lest av Johannes Joner

Der satt du i ei lågloftet stue  
midt i rimfrostvinteren,  
tett innåt et vindu  
hvor roser av blomsterpapir lyste  
i fóringen av sammenrullet bomull  
mellom ytter- og innerrutene.  
Skjønt slitte og ru av tungt arbeid  
var hendene dine forunderlig  
reine og fornemme  
der varsomt de vendte blad i  
den store boka.  
BIBELN sto det på permen  
med avflasset gullskrift.  
Så hylte en gris,  
så kokte ei gryte over,  
så grét en unge etter mat.  
Da la du et julekort inn til bokmerke  
for å finne-att rette stedet  
om det vart ei stund ledig  
ved påsketider en gang.

## 10. NORDRE TJERN

”Grunntonen mellom oss”  
komponert og framført av Arve Henriksen

### FATTIG YNSKJE

av Tor Jonson  
Lest av Liv Bernhoft Osa og Johannes Joner

Var eg ein Gud,  
ville eg skapa  
ei stillare verd.  
Der skulle alle elske.

Var eg ein Gud  
ville eg skapa  
kjærleik og død,  
berre kjærleik og død.

### NÅR DU ER BORTE

av Tor Jonson  
Lest av Liv Bernhoft Osa

Nærast er du når du er borte.  
Noko blir borte når du er nær.  
Dette kallar eg kjærleik –  
Eg veit ikkje kva det er.

Før var kveldane fylte  
av susing frå vind og foss.  
No ligg ein bortgøymd tone  
og dirrar imellom oss.

## 11. GARMOKIRKEN

### LEDESTJERNE

av Einar Skjæraasen  
Lest av Johannes Joner  
Orgelimprovisasjon Øystein Skar

Vi roper i denne natten:

Gi oss en vei å gå.  
Gi oss ennå en stjerne  
å feste øynene på.

Gi oss ennå et hjerte,  
ikke av vest eller øst,  
gi oss et hjerte som favner  
all verden – og grenseløst.

Gi oss ennå å gråte  
over vårt mørke sted.  
Gi oss igjen å høre:  
Fred over jorden. Fred!

Gi oss ennå å bryte  
opp som de vise menn.  
Gi oss i natt en stjerne,  
og gi oss å følge den.

## 12. HAMNINGEN

Barn fra Askeladden barnehage  
..... tanker og innfall om jul og sånt.

### MANUS OG UTVALG

Liv Bernhoft Osa, Johannes Joner og Jørgen Damskau

### LYDARBEID OG OPPTAK

Kontentum og stemmer; Tom Sætre, Knut Joner  
Fremføring og opptak «Grunntonen mellom oss»; Arve Henriksen.  
Fremføring orgelimprovisasjon; Øystein Skar.